





Ibrahim sin familie

Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

Eller les ei lita fortelling om Ibrahim



Ibrahim er 5 år og bur saman med mamma, pappa og tre søstrer. Ei litleøster og to storesøstrer. Mamma har ein liten baby i magen også, så kanskje blir det ein littlebror snart? Men Ibrahim likar godt søstrene sine, spesielt når dei vil med han ut og spele fotball!

Heime snakkar familien eit språk som kallast swahili. Pappa har gått på skule i Norge og lært seg norsk, og snakkar norsk på jobben sin. Mamma har ikkje gått på skule. Ho har vore heime med Ibrahim og søstrene, og har ikkje lært seg norsk enda. Det synes Ibrahim er dumt. Han skulle ønskje at mamma også kunne lære norsk slik at ho kunne snakke meir med foreldra til vennane han har og med andre vaksne ho møter.

Ho kan litt norsk da. Ho kan seie «Hei eg heiter Maria». På swahili er det «Habari naitwa Maria». Vil du prøve det? Habari naitwa og så ditt namn? ... Bra!

Ibrahim likar godt å vere ute i skogen! Det er både roleg og spennande der på same tid. Han kosar seg når barnehagen er på skogstur! Han skulle ønske at familien ville gå på tur i skogen også. Men mamma og pappa er vand med at skogen er farleg å vere i. I landet der dei vaks opp var der livsfarlege dyr og anna som var skummelt i skogen. Derfor vil dei heller gjere andre ting her, sjølv om Ibrahim seier det ikkje er livsfarlege dyr i skogen her i Noreg. Ibrahim har berre sett eit ekorn der. Det er fleire andre dyr som bur i skogen, men dei brukar å göyme seg når barnehagen kjem på tur. Dyra er visst redde for barna. Det er synes Ibrahim er rart, for han vil jo berre vere snill med dei.

Det er mange ting som er ulikt her enn der mamma og pappa kjem frå, men mange ting er likt også. Ibrahim lurar på om han nokon gong får sjå landet mamma og pappa flykta frå? Det var ikkje trygt å bu der, så dei måtte flykte veldig lenge, og til slutt fekk dei kome hit. Både Ibrahim og søstrene er født i Noreg

Snakk saman:

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vere og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vere sikre på at dei andre i familiien er glade i seg.

